



Sykkylven kommune

Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

SYKKYLVEN

J.nr.

Søknad om deling av grunneigedom og rekvisisjon av oppmålingsforretning

- jf. § 20 (1.ledd m), jf. §§ 26 og 27 i plan- og bygningslova av 27. juni 2008
- matrikkellova av 17. juni 2005

Punkt 1 til og med 8 skal fyllast ut. Sjå rettleiing på side 4. Ved plassmangel, bruk eige vedlegg.

1. Eigedom som søknaden/rekvisisjonen gjeld

Eigedom før deling	Gnr. Bnr. Festenr. Seksjonsnr.
	Adresse

2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld

2a. Søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningslova (pbl)

Det vert søkt om	Oppretting/ending av matrikkeleining: <input type="checkbox"/> Deling av eigedom/Oppretting av ny grunneigedom <input type="checkbox"/> Arealoverføring, angi under punkt 4 kva for eigedom arealet skal leggst til (husk erklæringsskjema ved ulike eigarar, sjå rettleiing side 4) <input type="checkbox"/> Anleggseigedom <input type="checkbox"/> Festegrunn over 10 år
	Sakstype: <input type="checkbox"/> A: Rekvisisjon av oppmålingsforretning ved oppretting eller ending av matrikkeleining <input type="checkbox"/> B: Utsetting av oppmålingsforretning etter pbl § 21-9 siste ledd. <input type="checkbox"/> C: Søknad om matrikulering med utsett oppmålingsforretning (jf. matrikkellova § 6 (2.ledd), matrikkelforskr. § 25) Skriv inn ønska dato ved forretning etter punkt C:
	Deling etter pbl § 26 <input type="checkbox"/> Reguleringsplan <input type="checkbox"/> Utbyggingsplan <input type="checkbox"/> Godkjent tomtedelingsplan <input type="checkbox"/> Privat framlegg

Søknad om dispensasjon

Jf. pbl § 19, frå føresegner i:

- Plan- og bygningslov
- Forskrift
- Vedtekt
- Kommuneplan
- Reguleringsplan
- Utbyggingsplan

2b. Ikkje søknadspliktige tiltak (matr. lov)

Det vert rekvirert	Rekvisisjon av oppmålingsforretning på: <input type="checkbox"/> Grunneigedom <input type="checkbox"/> Festegrunn
	Sakstype: <input type="checkbox"/> Grensejustering (matrikkelforskr. § 34) <input type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grenser (matrikkelforskr. § 36) <input type="checkbox"/> Matrikulering av eksisterande umatrikulert eining (matrikkelforskr. § 31) <input type="checkbox"/> Registrering av uregistrert jordsameige (matrikkelforskr. § 32) <input type="checkbox"/> Uteareal til eigarseksjon (jf. eigarseksjonsloven § 7)
	Krav til dokumentasjon i samband med rekvisisjon av oppmålingsforretning er dei same enten saken er søknadspliktig etter pbl eller berre oppmålingspliktig etter matrikkellova.

3. Spesifikasjon av parsellar det er søkt tiltak for (ved plassmangel, bruk eige vedlegg)

Parsell nr.	Areal ca. m ²	Parsellen skal nyttast til	Namn og adresse på ev. kjøpar/festar

J.nr.

4. Parsell(ar) det er søkt frådelling for

Parsellen/ parsellane skal nyttast til	<input type="checkbox"/> Sjølvstendig brukseining/Ny eigedom	<input type="checkbox"/> Tilleggsareal til gnr: bnr:
	<input type="checkbox"/> Ny eigedom skal verta tilleggsareal til gnr: bnr:	(gjeld ved arealoverføring og grensejustering)
	<input type="checkbox"/> Bustadhus <input type="checkbox"/> Fritidshus <input type="checkbox"/> Industri/bergverk <input type="checkbox"/> Varehandel/bank/forsikring/hotell/restaurant <input type="checkbox"/> Off. verksemd	<input type="checkbox"/> Landbruk/fiske <input type="checkbox"/> Naturvern <input type="checkbox"/> Off. friluftsområde <input type="checkbox"/> Off. veg <input type="checkbox"/> Anna kommunikasjonsareal/teknisk anlegg
Tilkomst pbl. § 27-4 og veglova §§ 40-43	<input type="checkbox"/> Riks-/fylkesveg <input type="checkbox"/> Kommunal veg <input type="checkbox"/> Privat veg	Vedrørende erklæringer: For vegrett, etablering av vavn og avløp og liknande over private eigedomar vil det vere krav om erklæring frå heimeshavar(ar). Kopi av signert erklæring skal leverast til kommunen, medan originalen skal følgje skøyte til tinglysing. Sjå også rettleiing side 4.
	<input type="checkbox"/> Ny avkjørsel frå off. veg <input type="checkbox"/> Utvida bruk av eksisterande avkjørsel	
<input type="checkbox"/> Avkjørselsløyve er gjeve <input type="checkbox"/> Søknad om avkjørselsløyve ligg ved <input type="checkbox"/> Tilkomst sikra ifølgje vedlagte dokument		
<input type="checkbox"/> Offentleg vassverk <input type="checkbox"/> Privat fellesvassverk. Tilknytingsløyve ligg ved.		
Vassforsyning pbl. § 27-1	<input type="checkbox"/> Anna:	
Avløp pbl. § 27-2	<input type="checkbox"/> Off. avløpsanlegg <input type="checkbox"/> Privat enkeltanlegg	Spesifiser:
	<input type="checkbox"/> Privat fellesanlegg	
	<input type="checkbox"/> Utsleppsløyve er gjeve <input type="checkbox"/> Søknad om utsleppsløyve ligg ved	<input type="checkbox"/> Avløp sikra ifølgje vedlagte dokument

5. Partliste – andre aktuelle parter, gjeld ved grensejustering (ved plassmangel, bruk eige vedlegg)

Partslista nedanfor må fyllast ut ved rekvisisjon av grensejustering.

Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr	Eigaren/festaren sitt namn og adresse	Underskrift

6. Andre opplysningar

Andre opplysningar
(til dømes andre rettighetshavarar, der dette er aktuelt for saka)

7. Vedlegg

Beskriving av vedlegg	Frå nr	Til nr	Ikkje relevant
Dispensasjonssøknad			<input type="checkbox"/>
Gjenpart av nabovarsel og kvittering for nabovarsel			<input type="checkbox"/>
Kart- og situasjonsplanar			Må leggast ved
Avtaler, dokumentasjon			<input type="checkbox"/>
Private servituttar			<input type="checkbox"/>
Erklæringer			<input type="checkbox"/>
Uttalelser /samtykke frå andre offentlige myndigheiter			<input type="checkbox"/>
Anna			<input type="checkbox"/>

8. Underskrifter (ved plassmangel, bruk eige vedlegg)

Heimmels- havar(ar) (ved arv/skifte/ uskiye legg ved skifte- attest)	Namn (bruk blokkbokstavar)		Adresse (bruk blokkbokstavar)	Telefonnr.
Under- skrift(er)	Stad	Dato	Underskrift	

RESTEN AV SIDA ER RESERVERT OFFENTLEGE MYNDIGHEITER FOR BEHANDLING AV SØKNADEN

Planstatus	<input type="checkbox"/> Fylkesplan <input type="checkbox"/> Reguleringsplan <input type="checkbox"/> Kommuneplan <input type="checkbox"/> Utbyggingsplan <input type="checkbox"/> Ingen plan/dispensasjon			
Fråsegner	Fråsegn frå/vedtak av	Saken sendt	Fråsegn/vedtak datert	Merknader
	<input type="checkbox"/> Jordlovsmyndigheit			
	<input type="checkbox"/> Vegmyndigheit			
	<input type="checkbox"/> Helsemyndigheit			
	<input type="checkbox"/> Friluftsmyndigheit			
	<input type="checkbox"/> Forureiningsmyndigheit			
	<input type="checkbox"/>			
	<input type="checkbox"/>			
Behandling	<input type="checkbox"/> Etter delegasjon <input type="checkbox"/> Av planutvalet / det faste utvalet		Dato	Sak nr.
Notat				
Handsaming ferdig				
Betaling motatt/reg.				
Vert sendt til vidare behandling	Stad	Dato	Underskrift	

Rettleiing

1. Eigedom som søknaden/rekvisisjonen gjeld

Her skal gards- og bruksnummer fyllast ut for eigedomen søknaden/rekvisisjonen gjeld. Feste- eller seksjonsnummer skal også vere med om dette er aktuelt.

2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld

Fyll ut punkt i kolonne 2a eller 2b. Kolonne 2a omfattar søknadspålegg til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl), medan kolonne 2b omfattar oppmålingspliktige saker etter matrikkellova.

2a. Søknadspålegg til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl)

Kryss av i ein av rubrikkane under "Oppretting/endring av matrikkeleining".

- Normalt sett er det "Deling av eigedom/Oppretting av grunneigedom" som gjeld. Denne rubrikken skal brukast ved oppretting av ny eller endring av eigedom/matrikkeleining.
- Dersom ein eigedom skal ha eit tilleggsareal frå tilstøytande eigedom, så kan rubrikken "Arealoverføring" vere eit alternativ. Areal kan overførast mellom tilstøytande matrikkeleiningar (eigedomar) utan oppretting av nye matrikkeleiningar. Ved arealoverføring skal det liggja føre erklæringar frå pantehavarar om pantefråfall. Gjeld oppmålingsforretninga arealoverføring mellom matrikkeleiningar med ulike registrerte eigarar og registrerte festarar, så skal det i tillegg liggja føre erklæring om eigedomsoverdraging av det areal som overførast (sjå eige skjema "Erklæring om arealoverføring").
- Rubrikken "Anleggseigedom" gjeld eigedomar under bakken, til dømes parkeringsanlegg.
- Rubrikken "Festegrund" gjeld oppretting av ny festegrund for bortfeste som kan gjelde i meir enn 10 år.

Sakstype:

- Normalt sett er det alternativ "A" som gjeld. Oppmålingsforretning blir da gjennomført utan ugrunna opphald.
- Alternativ "B" kan nyttast om rekvisisjonen ønskjer å utsette iverksetting av arbeid med oppmålingsforretning (inntil tre år utsetjing frå løyve er gitt), jf. pbl § 21-9. På det tidspunkt rekvisisjonen ønskjer iverksetting av oppmålingsforretning, må ein kopi av rekvisisjonen, med ønska iverksetjingstidspunkt, saks- og journalnummer samt rekvisisjonen si adresse og underskrift, påførast søknaden/rekvisisjonen og sendast til kommunen på nytt med avkryssing i rubrikk "A".
- Alternativ "C" inneberer at rekvisisjonen samtidig med søknad om oppretting eller endring av matrikkeleining etter pbl, søker om matrikkelføring med utsetjing av oppmålingsforretning etter matrikkellova § 6 andre ledd og matrikkelforskrifta § 25. Det skal liggja føre *særlege grunnar* for å kunne nytta dette alternativet. Med særlege grunnar meinast til dømes tilfelle der det er formålsteneleg at grensene først blir endeleg merka i terrenget etter at område er opparbeidd med vegar eller anna infrastruktur, og grensene for eininga er anskueliggjort i reguleringsplan eller liknande. Søknaden skal vere grunnngjeven og det skal ligge ved eit kart som visar fullstendig oversikt over alle grenser for eininga på ein tilstrekkelig nøyaktig og eintydig måte slik at foreløpige grenser kan førast i matrikkelen samtidig med at eininga blir oppretta.

Deling etter pbl § 26:

- Kryss av for gjeldande plan for område det er søkt om. Kontakt kommunen for å få vite kva for plan som gjeld for det aktuelle området.

Søknad om dispensasjon:

- Eksisterer det ingen plan for området eller at det til dømes ikkje er samsvar mellom formål og plan, så må det søkast om dispensasjon, jf. pbl § 19. Kryss av for kva dispensasjonen gjeld. I tilfelle kor det må søkast om dispensasjon kan ein forhandskonferanse med planavdelinga ofte vere teneleg før søknad sendast inn.

2b. Ikkje søknadspålegg til tiltak (matrikkellov)

Kryss av om oppmålingsforretninga skal gjelde for grunneigedom eller festegrund.

Sakstype:

- Grensejustering (matrikkelforskrifta § 34) kan nyttast når mindre areal skal justerast mellom eigedomar. Av omsyn til panterett er det berre mindre areal som kan overførast ved ein slik justering, større areal må delast frå ved ordinær oppretting av matrikkeleining. Hovudregelen er at ei grensejustering skal skje ved eit makeskifte, ved at ein gir og tar like mykje frå alle dei aktuelle eigedomane. Men grensejustering kan også vere ein einzijdig overføring av areal. Følgjande føresetnadar må vere til stade for å kunne gjennomføre ei grensejustering:
 - Panterett faller bort i areal som vert avstått frå eigedom ved grensejustering, og panterett i eigedom som får tillagt areal utvidast til også å omfatte dette. Av omsyn til panteretten kan kun

mindre areal einzijdig overførast mellom involverte eigedomar. Det vil seie at inntil 5 % av den minste av dei involverte eigedomane eller maksimalt 500 m². Eigedomar skal ikkje auke eller redusere sin verdi med meir enn folketrygda sitt grunnbeløp.

- Ved gjensidig grensejustering (makeskifte) kan ei eining maksimalt gi frå seg 20 prosent av opphavleg areal.
- For meir utfyllande informasjon sjå matrikkelforskrifta § 34.
- Klarlegging av eksisterande grenser (grensepåvisning) kan nyttast når eigedomar manglar grensemerke og heimelshavar ønskjer desse påvist. Det skal i alle former for klarlegging av grense, også der det er ei rein utstikking iht. tidlegare oppmålingsforretning (målebrev og liknande), avhaldast oppmålingsforretning.
- Med matrikulering av eksisterande umatrikulert eining er det sikta til eksisterande einingar som av forskjellige grunnar ikkje er blitt tildelte registernummer og såleis ikkje er registrerte i matrikkelen, og med det heller ikkje i grunnboka. Det største talet er offentlege vegar, parkar, kyrkjegardar, fjellområde, og annan grunn i offentlig eige. Men det finst umatrikulert grunn i privat eige òg. Ved rekvisisjon av matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn skal det finnast dokumentasjon av eigedomsrett eller festerett. Sjå også matrikkelforskrifta § 31.
- Registrering av uregistrert jordsameige. Jordsameige kan registrerast i matrikkelen med eige matrikelnummer når det er gjort sannsynleg at eininga er eit jordsameige. Jordsameige kan registrerast sjølv om det ikkje er fullstendig avklart kven som har partar i sameiget og kor store partane er. Registrering av jordsameige kan krevjast av nokon som har gjort sannsynleg å ha part i sameiget, eller av staten, fylkeskommune eller kommune. Sjå matrikkelforskrifta § 32 og merknader til forskrifta for meir utfyllande informasjon.
- Uteareal til eigarseksjon. Skal ubygde deler av seksjonert eigedom inngå i brukseiningane, så skal rekvisisjon av oppmålingsforretning over uteareal følgje seksjonsbegjæringa. Sjå eiga informasjonsside om seksjonering på www.sykkylven.kommune.no.

3. Spesifikasjon av parsellar det er søkt tiltak for

Oppstilling av nye parsellar som det søkast om. Ved plassmangel bruk eige vedlegg.

4. Parsell(ar) det er søkt frådeling for

Her fyllast informasjon om formål, tilkomst, vassforsyning og avløp for ny(e) parsell(ar) inn. Ved tilleggsareal skriv inn gnr og bnr for eigedomar som skal ta imot areal. Det er viktig at kopi av erklæring vedrørende vegrett, etablering av vann og avløp og liknande over private eigedomar leverast i lag med søknaden til kommunen. Original av erklæringar skal følgje skøyte til tinglysing.

5. Partsliste – andre aktuelle partar, gjeld ved grensejustering

Ved rekvisisjon av grensejustering skal aktuelle partar fyllast inn. Det vil seie dei som blir berørt av grensejusteringa. Underskrift frå aktuelle partar skal også vere med. Eige nabovarsel trengs ikkje for grensejustering.

6. Andre opplysningar

Her kan utfyllande informasjon om søknaden/rekvisisjonen leggjast inn.

7. Vedlegg

Oppstilling av vedlegg. Kartskisse skal alltid følgje med søknaden/rekvisisjonen. Ved søknadspålegg til tiltak gjenpart av nabovarsel og kvittering for nabovarsel også alltid leggjast ved.

8. Underskrift(er)

Som hovudregel skal søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning underskrivast av vedkomande som har grunnboksheimel til eigedomar, dvs. dei som står som tinglyste eigar(ar). Er det fleire tinglyste eigarar må alle signere søknaden/rekvisisjonen. Ved arv/skifte/uskifte må skifteattest og eventuelle fullmakt leggjast ved. Heimelsrklæring må fyllast ut og sendast til tinglysinga før ny matrikkeleining kan opprettast, sjå www.statkart.no under tinglysing for meir informasjon. Det finst ein del spesielle tilfelle der også andre kan være rekvisisjonsinteresserte, sjå matrikkellova § 9.

Generelt

Ved søknadspålegg til tiltak (punkt 2b) skal naboar og gjenbuarar varslast om søknaden. Det vert nytta ein eigen blankett for nabovarsel. Kommunen skal ha gjenpart og kvittering for nabovarsling.

Ved deling av grunneigedom med oppmålingsforretning vert ein del av eigedomar (parsell) skilt ut og får eige bruksnummer. Grensene for den nye eigedomar vert avmerka og målte. Det vert laga matrikkelbrev på den nye eigedomar med m.a. målsett kart og nøyaktig areal. Før eigedomar kan delast, må kommunen ha gjeve løyve.

Dersom saka krev fråsegn eller godkjenning av annan myndigheit enn dei kommunale bygningsmyndigheitene, skal bygningsmyndigheitene sørgja for innhenting av desse. Dersom søkaren likevel har innhenta slik løyve (f.eks. avkjørsel), skal kopi av løyve leggjast ved søknaden.